

AVTALE MELLOM RADØY KOMMUNE OG OSTERØY KOMMUNE OM KJØP AV GJESTEPLASSAR VED RADØY VELFERDSSENTER

Avtalen gjeld kjøp av plass i institusjon ved Radøy Velferdssenter for innbyggjarar i Osterøy kommune som har vedtak om institusjonsplass heimla i Lov om kommunale helse og omsorgstjenester § 3-2 pkt.6 c og d.

1. Ansvarsfordeling:

Osterøy kommune fattar enkeltvedtak om plass, og bestemmer lengda på opphaldet. Brukar vert orient om at det er kjøpt plass til vedkommande ved Radøy Velferdssenter.

Radøy kommune tilbyr plass som samsvarer med Osterøy kommune sitt vedtak. Radøy Velferdssenter tek i mot gjestepasientar frå Osterøy på kvardager, mandag-torsdag. Radøy kommune har ikkje høve til å tilby opphald i skjerma omgjevnadar. Dersom brukar har spesielle behov må dette avklarast med Radøy kommune på førehand. Kopi av vedtak, sjukepleier rapport, epikrise og medisinliste skal sendast til Radøy Velferdssenter før gjesteopphaldet tek til. Radøy kommune ynskjer eit kontakt punkt, pr.telefon, med Osterøy kommune i høve pasientspørsmål.

2. Tal plassar: Avtalen gjeld kjøp av kontinuerleg 2 plassar.

3. Avtaleperiode:

Avtalen gjeld i perioden f.o.m. 20 april – 14 juni

4. Oppgjer:

Pris pr. døger er kr 2700,- pr. plass.

I denne prisen inngår dei tenester som er omfatta av § 7 i "Forskrift for vederlag for opphold på institusjon m.v. av 25.april 1995", med dei unntak som går fram av pkt 5 i denne avtalen.

Radøy kommune sender faktura etterskotsvis kvar månad.

5. Ikkje med i prisen:

- a. Tannbehandling som ikkje vert dekkja av Folketrygda.
- b. Fotpleie og frisør.
- c. Praktisk og økonomisk ansvar i samband med innskriving og utskrivning av institusjon ligg hjå Osterøy kommune.
- d. Utgifter til transport og fylje til undersøking og behandling utanfor institusjonen.
- e. Utgifter til medisinsk behandling som går ut over gjennomsnittleg forbruk for ein sjukeheimspasient i regionen, jfr. revisjonsrapport 2009.

6. Utskriving: Dersom lengda på opphaldet ikkje er fastsett ved innskriving, skal varsel om utskrivning gjevast til institusjonen 1 veke før utskrivingsdato.

7. Anna:

Hjelpemiddel og anna personleg utstyr som pasienten har bruk for skal fylja vedkommande ved innskriving. Det er ynskjeleg at klede vert merka og at pasienten har oversikt over eigendelar som er med ved innskriving.

8. Oppseiing:

Avtalen kan seiast opp av begge partar med 1 md. varsel

Avtalen er skriven i 2 eksemplar. Partane har kvar sitt.

For Osterøy kommune

Osterøy, 20.04.17

Nine Wramnes

For Osterøy kommune

For Radøy kommune

Manger, 29/3-17

Steffen K. Aune

For Radøy kommune